

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 05.12.2022

Vår ref.: 202203776-5 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Orientering om høyring og invitasjon til folkemøte om ny 132 kV kraftledning Bø–Meland.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknad for ny 132 kV dobbelkurs kraftledning frå Bø til Meland i Karmøy kommune i Rogaland fylke.

Søknaden er no på høyring, og de kan uttale dykk innan **24.02.2023**.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE sine internettsider www.nve.no/8757/A.

Invitasjon til offentleg møte 07. februar 2023

NVE held offentleg møte tysdag 07. februar kl. 19.00. Møtet finn stad på Park Inn Radisson, Avaldsnes.

NVE vil orientere om handsaminga av søknaden.

Fagne vil være representert og orientere om planane. Møtet er ope for alle.

Fråsegner

Gjennom høyring av konsesjonssøknaden ønskjer NVE å få høyringsinstansane sine synspunkt på planane og forslag til tiltak som kan redusere negative verknader.

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på ein av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegner, som de finn på våre internettsider
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202203776 i emnefeltet, og skriv namn og/eller organisasjonsnummer i innleiinga)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Fråsegner må sendast til NVE **innan 24.02.2023**


Søknaden

Fagne søker om konsesjon i medhald av energilova til å byggje, eige og drive ein om lag 5 km ny 132 kV dobbelkurs kraftledning frå Bø transformatorstasjon til Meland. Det er søkt om ein hovudtrasé, med totalt tre under-trasé alternativ (sjå illustrasjon under – kart 1). Ny



kraftledning vil i all hovudsak følge eksisterande trasé, men Fagne føreslår å avvike delvis frå dagens trasé for å unngå nærføringar med enkelte bustader og planlagt utviding av næringsområde ved Nygård. Fagne søker også om å rive dagens 66 kV kraftledning, samt å erstatte dagens tremaster med nye rundstålmaster.

Eksisterande 66 kV nett på Karmøy er dimensjonert for svakt for dagens behov, og forventa vekst. Fagne ynskjer difor å heve overføringskapasiteten på dagens regional nett på Karmøy ved å gjennomføre tiltaket de har søkt om.



Kart 1 – Oversikt over hovudtrasé med alternative under-trasear.



Søknaden er tilgjengelig på NVE sine nettsider www.nve.no/8757/A.

Fagne søker òg om ekspropriasjonsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport. Samstundes søker Fagne om førehandstiltreding (oreigningslova § 25) som inneber at grunn og tilkomstrett kan takast i bruk før skjøn er halde. Grunn- og rettshavarar som ekspropriasjonssøknaden angår, kan finne relevant informasjon om kva det inneber på www.nve.no/grunneierinfo.

Spørsmål om søknaden kan rettast til Fagne v/ Odd Håland Øksnevad (Odd.Haland.Oksnevad@fagne.no).

Spørsmål om sakshandsaminga kan rettast til NVE v/ Inger Anette Sandvand Dahlen (iasd@nve.no).

Med helsing

Lisa Vedeld Hammer
seksjonssjef

Inger Anette Sandvand Dahlen
seniorrådgiver

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:

FAGNE AS
Grunneigarar/rettshavarar

Kopimottakarliste: